

Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: Torsdag 17.02.2022
Tid: Kl. 18.30
Ord for dagen: **Aase**

Forfall må meldast til kyrkjeverje: jaov@fitjar.kommune.no eller 90 19 70 69.

Karin Maria Korsvik møter som vara. Andre varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Svein Lunde	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Sigrid Marie Fangel	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Maria Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Fitjar, 11.02.2022

Svein Lunde
soknerådsleiar

Jan Overweg
kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2022/12	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2022/13	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 20.01.2022	x
2022/14		Orientering om utlysing av ledig stilling som sokneprest i Fitjar sokn – første drøfting av det lokale tilsnittet	
2022/15		Orientering frå kyrkjevevja om arbeidet i soknet	x
2022/16		Budsjett 2022 – justert avsnitt diakoni (jfr. Sak 2022/05)	x
2022/17		Saldotabell 2021 – orientering om rekneskapsåret 2021	x
2022/18		Oppseiing – ledig stilling reinhald	x
2022/19		Plan som kyrkjeringen har utarbeidd for oppussing av sakristane	
2022/20		Meldingar / open post	

Sak 2022/12 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2022/13 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå sist møte er forseinka og ligg ikkje føre ved utsending av innkallinga

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 20. januar 2022.

Sak 2022/14 Orientering om utlysing av ledig stilling som sokneprest i Fitjar sokn – første drøfting av det lokale tilsnittet

Sokneprest Roald Drønen har sendt oppseiing av stillinga med verknad frå 08.08.2022. Det er Bjørgvin bispedøme som skal lysa ut stillinga i april månad. Prost Svein Arne Theodorsen orienterer i møte om prosessen rund utlysinga og tilsetjing. Det er lagt opp til ei første drøfting av det lokale tilsnittet i utlysingsteksten.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2022/15 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje legg fram ei orientering om arbeidet i soknet.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2022/16 Budsjett 2022 – justert avsnitt diakoni (jfr. Sak 2022/05)

Etter vedtak i møtet d.d.20.01.2022 – sak 2022/05 – er diakoninemnda oppfordra til å koma med innspel til diakonibudsjettet. Diakoninemnda gjorde fylgjande vedtak frå deira møte 25.01.2022 (sak 4/22):

- Ein ber om at post 11104 vert auka med kr. 3.000 til kr. 9.000. Årsaka er fleire jubilantar og at prisen på blomar aukar.
- Ein ber om at post 11400 lysingar vert auka frå kr. 0 til kr. 10.000. Årsak m.a. lysing i samband med «Open kyrkje»
- Finansiering. Post 11104 ved tilførsel av midlar frå soknerådet sitt budsjett. Post 11400 vert finansiert ved overføring av midlar frå diakoninemnda sitt fond.

Endringane i driftsutgifter er lagt inn i Fitjar sokn sitt detaljbudsjettet for diakoni. På inntektssida er dette fordelt over postane 18601 og 18700. Overskot frå tidlegare år er disponibel i fond post 18700. Her er no kalkulert med bruk av fond kr.10.000.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner detaljbudsjett for 2022 med dei endringane som diakoniutvalet har foreslått.

Sak 2022/17 Saldotabell 2021 – orientering om rekneskapsåret 2021

Vedlagt saldotabell viser førebels resultat for driftsrekneskapen for 2021. Kyrkjeverje har ei kort gjennomgang og orientering.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Sak 2022/18 Oppseiing – ledig stilling reinhald

Kyrkjetenar Sofie Rimmereid har levert oppseiing pr. 01.07.2022. Ho har hatt 10% fast stilling som reinhaldar i kyrkja. Stillingsomtale er vedlagt innkallinga. Vaktmeister i kyrkja Kjetil Hagevik Ragde har ønskje om å få auka stillinga og vil gjerne ta på seg reinhald i kyrkja. Kyrkjeverja orienterar om saka i møtet.

Framlegg til vedtak:

Vaktmeister Kjetil Hagevik Ragde får tilbod om å få auka stillinga frå 70 til 80% frå 01.07.2022. Stillinga vil da inkludera reinhald i kyrkja – tilsvarande 3,75 timar per veke.

Sak 2022/19 Plan som kyrkjeriingen har utarbeidd for oppussing av sakristane

Kyrkjeriingen har sendt brev til soknerådet, der dei melder om at noverande medlemmer har bestemt seg for å leggja ned arbeidet. Dei ønskjer at pengane som er att skal gå til oppussing av sakristia.

Anne Britt Tornes har lagt ei skisse og eit notat som er vedlagt innkallinga. Oppgradering av sakristiane inkluderar:

- Maling/beising av panelvegger og vinduskarmar/rammer.
- Erstatte foldevegg med lettvegg med dør.
- Møblering

Budsjett:

- Dugnad på alt malar- og snekkararbeid
- Kyrkjeringen kostar all maling og lettvegg
- Til møblering ber kyrkjeringen om at soknerådet skytar til det som manglar.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet ser svært positivt på planen for oppussing av sakristiane. Anne Britt Tornes og Gunn Kvernenes får saman med kyrkjeverje ansvar for gjennomføring. Soknerådet garanterer for inntil kr. 30.000 til høveleg møblering.

Sak 2021/20 Meldingar / open post